



Osterøy kommune  
Dokumentsenteret  
5282 LONEVÅG

Dato: 11.06.2014  
Vår ref.: 2014/12157-16  
Saksbehandlar: elsaaro1  
Dykkar ref.:

## Tilskot folkehelse og nærmiljøkvalitetar - Valestrand skule Osterøy kommune 2014

Vi viser til søknaden dykkar datert 21.03.14 med seinare oppdatering. Vi er glad for å melde at Hordaland fylkeskommune løyver kr 65 000,- til prosjektet SFO og nærmiljøkvalitetar ved Valestrand skule.

### UTBETALING

Beløpet vert overført så raskt som råd etter de har fylt ut og sendt inn vedlagt akseptskjema. Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetaling skal betalast attende snarast.

### VURDERINGSGRUNNLAG

Hordaland fylkeskommune fekk i 2014 kr 516 800,- til fordeling frå Helsedirektoratet. Det kom inn 8 søknadar innan fristen. Vi ser at vilkår og kriterier for tildeling er oppfylt for dykkar prosjekt, og etter ei samla skjønsmessig vurdering får de tilsegn.

Søknaden er fullt ut innvilga med slik grunngeving.

*Prosjektet har tydelige nærmiljømål, med god kommunal forankring og med brei deltaking frå ulike aktørar i nærmiljøet. Tiltaket - utvikling av uteområde som ute matstad og uteområde for meir allsidig fysisk aktivitet ved Valestrand skule - opnar meir deltaking frå borna, breiare tilbod til bruk for SFO/skule og for leik på tvers av generasjonar gjennom planar om å utvikle dette til møteplass i bygda utanom skuletid. Det er lagt planar frå kommunen si side for vidareutvikling av området i samarbeid med lokalt idrettslag. Gjennomføringsplanen er realistisk og prosjektet har overføringsverdi til andre kommunar. Prosjektet er eit nyutviklingsarbeid med langsiktige mål.*

### PROSJEKTGRUNNLAG OG ORGANISERING

Målet med prosjektet er i fylgje søknad Oppgradere uteområde ved Valestrand skule. Kontaktperson for prosjektet: Folkehelsekoordinator Kristin Ruud Myking

### godkjend finansieringsplan

Hordaland fylkeskommune 2014, budsjettområde Folkehelse – midlar frå helsedirektoratet	kr	65 000
Annan finansiering inklusive eigeninnsats og dugnadsinnsats (50%)	kr	32 500
Sum	kr	97 500

Evt: Beskjed om at budsjett ikkje godkjend og nytt må ettersendast før tilsegn utbetalast.

### VILKÅR FOR TILSKOT

- Tilsegnsmottakar må signere vedlagt akseptskjema og sende til fylkeskommunen så raskt som mogleg, og seinast **innan 3 veker**.
- Prosjektet må gjennomførast i samsvar med innsendt prosjektplan.
- Tilsegnsmottakar skal levere rapport og sluttrekneskap som nemnt under.
- Det er ein føresetnad at prosjektet vert finansiert slik godkjend kostnads- og finansieringsplan ovanfor viser. Om dette kravet ikkje er oppfylt kan tilskotet bli skjønnsmessig avkorta, eller krevjast betalt tilbake.
- Midlane skal nyttast i løpet av 2014. Ved ubrukte midlar, ta kontakt innan **30.11.14**.

### Rapportering og sluttrekneskap

Seinast innan **10. desember 2014** skal tilsegnsmottakar sende sluttrapport og sluttrekneskap (sjå vedlegg) samt rapport med måloppnåing til Utviklingsseksjonen ved Hordaland fylkeskommune.

Sluttrapporten skal kort seie noko om fagleg måloppnåing: Sjå vedlagt rapport skjema

### Kontroll

Mottakar av midlane skal gjere greie for interne og eksterne kontroll tiltak som skal sikre korrekt rapportering og måloppnåing ( til dømes interne kontroll aktivitetar, intern revisjon, autorisert revisjon/ikkje autorisert revisor). Krav om revisorkontroll fell vekk når tilskotsbeløpet er mindre enn kr 100 000.

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll. Riksrevisjonen har også høve til slik kontroll, jf. Stortinget sitt løyvingsreglement §10.

### Klage/innsyn i dokumenta

Behandling av søknadar i tilskotsordninga vert ikkje sett på som enkeltvedtak, og i fylgje Forvaltningslova § 2, første ledd bokstav a og b, er det ikkje klagerett.

Vi gjer merksam på at de etter forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

### Kontaktperson

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for tilskotsordninga er Else-Marie Aarø, tlf 55 37 80 29, e-post [else-marie.aaro@hfk.no](mailto:else-marie.aaro@hfk.no)

Fylkeskommunen ynskjer lykke til med gjennomføringa av prosjektet!

Bård Sandal  
Fylkesdirektør for regionalutvikling

Else-Marie Brobakke Aarø  
Spesialrådgjevar

Vedlegg: Akseptskjema  
Sluttrekneskapsskjema  
Fagleg rapportering ( grunnlagsdokument for evaluering)

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Kristin Ruud Myking

